

BACHELOROPPGÅVE

Trivsel på barneskulane på Vestlandet.

Wellbeing at the primary school in Western Norway.

Kandidatnummer: 138

Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen

GLU 1-7 GBPEL412 Bacheloroppgåve, vitskapsteori og forskingsmetode.

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag.

Rettleiar: Ina Kristin Johnsen Olsen

9 902 ord

3. juni 2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

FORORD

Så var arbeidet med å lese forsking, innhenting av datamaterialet, analysering, sjølve skrivinga, alle sidespor, revidering og ikkje minst dagar og timer med tankar rundt setningsformulering og bekymringar over. Det siste halvåret har vert lærerikt, inspirerande og utfordrande og nettopp derfor er det både på godt og vondt at denne bacheloren no er ferdig skreve.

All teorien som er lest rundt emnet trivsel, samt andre emne eg kom innom på vegen, har gitt motivasjon og engasjement for vidare arbeid. Det har også gitt meg stor tru på at grunnskulelærar var og er rette vegen å gå for min del.

Gjennom alle desse månadane er det mange som har vert til god støtte, hjelp og ikkje minst ein nødvendigheit for at denne bacheloren skulle vere mogleg å gjennomføre. Aller først vil eg rette ein stor takk til min rettleiar gjennom denne bachelorperioden, Ina Kristin Johnsen Olsen, høgskulelektor ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Ho har bidratt med mange gode råd, god støtte og ikkje minst motivasjon og tryggheit til å arbeide godt med bacheloren.

Ikkje minst vil eg rette ein stor takk til alle skulane og elevane som har stilt opp som informantar i denne bacheloroppgåva. Utan dykk hadde det ikkje vert mogleg å gjennomføre studiet. Det har vert så lærerikt og interessant å sjå kva dykk som elevar i skulen opplev, det er jo dykk vi lærarar skal arbeide for. Derfor er dykkar oppleving og erfaringar så viktige for oss å vete noko om.

Bergen, mai 2019

ABSTRACT

PURPOSE

This study examines whether there is a difference in the well-being of the students at the schools in the city and in the countryside in Western Norway. The theme of the study, well-being, is a wide and important part of the students day at the school. The research question this study will try to answer is "*Is there a difference in the well-being at the schools in the city and in the countryside among students?*". The study has two hypotheses on the subject (1) *it is easier to find friends at the schools in the city* and (2) *the relationship between teachers and students is better at det school in the countryside.*

METHOD

To achieve as reliable and credible results as possible, this study used a quantitative method. The study collected the data through a questionnaire. This method is well suited for this study because a large amount of data can be collected. The sample that answered the questionnaire were students from 5th and 7th grade from schools in the city and the countryside. A total of 247 respondents answered the questionnaire. 111 from the schools in the countryside and 136 from the schools in the city.

RESULTS

The results show that there is no difference in the students well-being whether they go on school in the city or in the countryside. The study does present some small differences when it comes to factors like the school environment and relationship. The hypothesis was not confirmed. The first hypothesis about friends turned out to show that the students in the schools in the countryside had a higher percentage of friends than the students in the city. The results for the second hypothesis about relationship showed that the relationship between teachers and students is better in the schools in the city, not in the countryside as expected.

1 INNHALDSLISTE

FORORD	2
ABSTRACT	3
1.0 INNLEIING.....	6
1.1 Bakgrunn for studiet.....	6
1.2 Temaets aktualitet	6
1.2.1 Tidlegare forsking på feltet	7
1.3 Forskingsspørsmål.....	7
1.4 Avgrensingar i studiet	7
2.0 OMGREPSAVKLARING.....	8
2.1 Bygdeskule.....	8
2.2 Byskule	8
3.0 TEORETISKE ASPEKTER.....	9
3.1 Trivsel.....	9
3.2 Aspekt som styrkar og motverkar trivselen på skulen	10
3.2.1 Elev- elev relasjon	10
3.2.2 Lærar- elev relasjon	10
3.2.3 Skolemiljøet.....	11
3.2.4 Lærartettheit	11
3.3 Grunnleggande menneskelege behov	12
3.3.1 Maslows behovspyramide	12
3.3.2 Sjølvbestemmelsesteorien	12
3.4 Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell	13
4.0 VITENSKAPSTEORI OG METODE	15
4.1 Samfunnsvitskap	15
4.2 Forskingsmetodar	15
4.3 Val av metode- Kvantitativ metode- Survey.....	15
4.3.1 Fordeler og ulemper med spørjeskjema	16
4.4 Utforming av spørjeskjemaet	16
4.4.1 Dekomponering og operasjonalisering.....	17
4.5 Data og utval	17
4.5.1 Datainnsamling	17
4.5.2 Utvalet	18
4.5.3 Fordeler og ulemper ved utvalet	18
4.6 Analyse	19

4.7	Reliabilitet og validitet	20
4.8	Moglege feilkjelder	20
4.9	Etiske omsyn	21
5.0	FUNN	23
5.1	Trivsel på skulen	24
5.1.1	Trivsel på skulen basert på kjønn	24
5.1.2	Venner	25
5.1.3	Oppleving av skuletrivselen	26
5.2	Elev- elev relasjon	27
5.3	Lærar- elev relasjon	28
6.0	DRØFTING	31
6.1	Trivsel på skulen	31
6.2	Relasjonane som påverkar trivselen på skulane	33
6.2.1	Elev- elev relasjon	33
6.2.2	Lærar- elev relasjon	35
7.0	AVSLUTTING	37
8.0	REFERANSELISTE	39
8.1	Bildereferanseliste	41
9.0	VEDLEGG	42
9.1	Vedlegg 1: Informasjonsskriv	42
9.2	Vedlegg 2: Spørjeskjema	44
9.3	Vedlegg 3: Oversikt over alle resultata i studien	47

BILDELISTE

Bilde 1: Maslows behovshierarki.....	12
Bilde 2: Bronfenbrenners økologiske miljømodell.....	14

1.0 INNLEIING

1.1 BAKGRUNN FOR STUDIET

Bakgrunnen for dette studiet er mi forståing og oppleving av trivsel i teori og praksis. Etter snart tre år med pedagogikk gjennom lærarutdanninga har eg lest om og blitt undervist i trivsel i skulen. Dette har frå første året vert eit tema som har engasjert meg. Enda meir har det med skuletype (i denne studien definert som by- og bygdeskule) og trivsel engasjert meg. Interessen for dette oppstod etter at eg var ferdig med mine første veker i praksis. Når eg begynte på mi reise for å bli grunnskulelærar på barneskulen, gjekk eg ut i praksis i byskulane. Det var store skular, mange lærarar og andre vaksne og ikkje minst mange elevar. I løpet av seks veker med praksis kunne eg ikkje sei at eg kjente over halvparten. Denne følelsen sat eg også igjen med etter praksis i byskular 2.- og 3. studieår. Eg fekk eit inntrykk av at nokre barneskuleelevar også kanskje følte og kjente på at dei ikkje kjente alle.

Som elev på barnetrinnet gjekk eg på ein bygdeskule. Vi var under 100 elevar på barneskulen og berre 13 elevar i klassen. Det eg set igjen med etter sju år på barneskulen er ei oppleving av stor trivsel og ei kjensle av tryggheit, kanskje nettopp fordi alle kjente alle?

Det er umogleg for meg å sei om ein bygdeskule har betre trivsel enn ein byskule, eller omvendt, basert på inntrykk og opplevingar. Derfor har eg valt å undersøke dette ved å la elevar frå by- og bygdeskulane sjølv få svare på spørsmål om deira oppleving av trivsel i skulen.

1.2 TEMAETS AKTUALITET

I dagens samfunn og media er det mykje snakk om psykisk helse og ungdom. Her kan trivsel på skulen, en arena der barn oppheld seg mykje, vere med å betre den psykiske helsa til barn (Årdal, Larsen, Holsen & Samdal, 2015). I dag er også tema som skulefråfall og lav motivasjon hos elevane aktuelt (Danielsen og Tjomsland, 2017, s. 449). Ved å oppnå trivsel på skulen vil dette også kanskje bli betre. Ein tredje grunn til at temaet er aktuelt er skulesamanslåing og nedlegging av bygdeskular og små skular grunna sentralisering og økonomi. Men om elevane har det best på bygdeskulane, burde dei då fjernast?

Skulen er også ein viktig sosial arena for barn (Bakken, 2018, s. 28). Derfor er det viktig at skulen som arena er ein god og trygg plass for elevane der dei trivst. Sist men ikkje minst er trivsel viktig fordi elevane, forankra i det norske lovverket, har krav på ei oppleving

av trivsel og eit godt psykososialt miljø på skulen (Opplæringslova, 1998, §9A-2). Som presentert over er trivsel eit tema som påverkar eller vert påverka av ulike områder, difor er trivsel eit aktuelt tema.

1.2.1 Tidlegare forsking på feltet

Etter sok i tidlegare forskingslitteratur er det gjort ein del forsking på temaet trivsel i skulen, blant anna gjennom elevundersøkinga som vert gjennomført årleg, her inngår mobbing som eit tema (Utdanningsdirektoratet, 2018). Det er gjort forsking på trivsel knytt opp mot læringsmiljø og skulestørrelse (Lauritzen, Adolfsen, Rasmussen & Strandbu, 2015) og forsking som ser på det psykososiale læringsmiljøet (Eriksen & Lyng, 2015). Karl Jan Solstad er ein skuleforskar som har gjort litt forsking på fådeltskular og bygdeskular, deriblant ei bok om «Bygdeskolen i velstands-Norge» i 2009 (Norlandsforskning, u.å). Etter sok og gjennomgang av tidlegare forsking vart det ikkje funne forsking som set by- og bygdeskulane opp i mot kvarandre for å sjå kvar elevane trivs best.

1.3 FORSKINGSSPØRSMÅL

Ut i frå det som er presentert over er forskingsspørsmålet i dette studiet gitt som

«*Er det forskjell i trivsel hjå elevar på byskular og bygdeskular?*»

Interessen for temaet har også ført til nokre hypotesar som studiet vil prøve å bekrefte eller avkrefte. Dei følgjande hypotesane er

- *Relasjonen og kontakten til lærarar er betre på bygdeskulane då elevtalet er mindre*
- *Elevane på byskulane finn lettare venner då det er fleire elevar å identifisere seg med*

1.4 AVGRENSINGER I STUDIET

Denne studien er avgrensa til å fokusere på forskjellane i trivsel på byskular og bygdeskular på Vestlandet. Studien vil også berre omfatte barneskular, med elevar i 5. og 7. klasse som informantgruppe. Studiet skil informantane berre etter kjønn, dette for at studiet ikkje skal verte for omfattande. I opplæringslova (1998) §9A- 3 står det at «Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering». I denne oppgåva vil fokuset under denne lova ligge på krenkingar som omhandlar mobbing. Grunnen til dette er at mobbing er eit omgrep som elevane burde kjenne til, noko som vil gjøre det lettare å svare på spørsmål om mobbing.

2.0 OMGREPSAVKLARING

Å definere omgrepa by- og bygdeskule har ikkje vert enkelt. Det er ulike definisjonar, ofte eigenproduserte, som ligg til grunn i litteraturen. Nedanfor vert omgrepa presentert og definert slik dei vil vere aktuelle i dette studiet.

2.1 BYGDESKULE

Bygd vert definert som områder med gardsbruk og sprett bebyggelse (Bygd, u.å). Solstad (2009, s.12) definerer fådeltskular som skular med rundt 50 elevar. Denne definisjonen kan ikkje nyttast i dette studiet på grunn av at bygdeskulane som har delteke i denne studien har meir enn 50 elevar.

På bakgrunn av forklaringa over vert ein egen definisjon av omgrepene bygdeskule nytta i dette studiet. Bygdeskulane vert definert til å ligge i eit område med spredt bebyggelse, 40 kilometer utanfor ein bykjerne og med ei befolkning på under 3000 innbyggjarar i bygdene skulane ligg i. Bygdeskulane har ein elevmasse på under 280 elevar i perioden studiet vart gjennomført (Egendefinert).

2.2 BYSKULE

By vert definert som områder med konsentrert og tett bebyggelse (By, u.å). Byskulane i dette studiet vert definert som skular som ligg i geografiske områder med tett bebyggelse og eit folketall på over 100 000 innbyggjarar. Byskulane har også ein elevmasse på over 470 elevar i perioden undersøkinga vart gjennomført (Egendefinert).

3.0 TEORETISKE ASPEKTER

Teorikapittelet presentere det teoretiske grunnlaget for studien. Dei teoretiske aspekta vil omhandle ulike sider ved trivsel, som er hovudtyngda i forskingsspørsmålet.

3.1 TRIVSEL

Trivsel er eit stort tema som kan verkje uklårt. Folk kan ha ulike formeiningar og opplevingar om kva trivsel, gjerne god trivsel, er. Derfor vil det i denne delen bli avklart kva dette studiet legg i omgrepet trivsel. Dei definisjonane og avklaringane som vert presentert her, er dei som vi legg til grunn vidare i studiet.

Trivsel er eit ord som for mange er kjent i daglegtale og er eit stort og vidt omgrep som vert belyst ulikt i teori og undersøkingar. I en rapport frå Helsedirektoratet skreve av Årdal, Larsen, Holsen og Samdal (2015, s. 6) vert trivsel omtalt som ei beskriving på «det gode liv». Vidare skriv dei at trivsel er eit omgrep som representerer korleis ein har det generelt i livet (Årdal et.al, 2015, s. 8). Årdal et.al (2015, s. 8) definerer også omgrepet skuletrivsel i sin rapport for Helsedirektoratet. Her går det fram at «...skoletrivsel eller trivsel i skolen et setting- eller domenespesifikt begrep som reflekterer om eleven føler seg inkludert i det psykososiale miljøet på skolen, grad av tilpasning i skolemiljøet og elevens glede og generelle vurdering av egne erfaringer på skolen». Vidare vert skuletrivsel omtalt ved at elevane opplever glede når dei er på skulen (Årdal et.al, 2015, s. 8). Huebner og Gilman, referert i Danielsen og Tjomsland (2017, s. 447), viser til at «Skoletrivsel handler også om elevenes glede og helhetlige vurdering av egne erfaringer på skolen». Ved oppleving av skuletrivsel vil sannsynet for at elevar fell bort frå skulen verte redusert (Danielsen & Tjomsland, 2017, s. 449). Elevanes sosiale og personlege utvikling vil vere positiv dersom elevane opplev trivsel i skulekvardagen (Utdanningsdirektoratet, 2013, s. 3-4). Trivsel er eit av dei viktigare momenta i skulekvardagen til elevane (Danielsen & Tjomsland, 2017, s. 462). FNs barnekonvensjon Artikkel 3 «Barnets beste», punkt 2 (1989) omtaler skulen og deira ansvar for barns trivsel. Danielsen (2017, s. 100) skriv at «...det er ein menneskerett for elevane å trives i skolens læringsmiljø...».

Omgrepet trivsel er stort og omfattande, dette fordi vi som menneske kan legge vekt på ulike «underkategoriar» i omgrepet. Omgrepet trivsel inneheld blant anna «underkategoriar» som omhandlar opplevingar av å vokse, utfolde seg, like seg, finne seg til rette, velvære og å utvikle seg (Trivsel, u.å). Vidare vil det *å like seg* og *å finne seg til rette* på skulen vere det

som bærer hovudtyngda av omgrepa trivsel. Skuletrivsel og trivsel på skulen vil også ligge til grunn når trivsel vert nemnt.

3.2 ASPEKT SOM STYRKAR OG MOTVERKAR TRIVSELEN PÅ SKULEN

3.2.1 Elev- elev relasjon

Klassemiljøet er bygd opp av sosiale system der relasjonen mellom elevane vil vere viktig for om ein elev opplever trivsel på skulen eller ikkje (Nordahl, et.al, 2016, s. 13). Elevar som opplev å vere einsam eller utan vene vil oppleve skulekvardagen som krevjande.

Tilhøregheit i ein sosial arena og krets er viktig for alle elevar. Medelevar har ein sentral plass i sosialiseringssprosessen og utviklinga til kvarandre (Nordahl et.al, 2016, s. 12).

Forholdet og relasjonen mellom medelevar er viktig for trivselen (Kunnskapsdepartemente, 2016, s. 17). Den gode relasjonen mellom elevane vil auke trivselen og er grunnleggande for at elevar skal ha det godt på skulen (Nordahl et.al, 2016, s. 14 og 22).

3.2.1.1 *Mobbing*

Psykologen Dan Olweus, definerer mobbing som:

Negativ eller ondsinnet atferd som gjentas og foregår over tid, og disse handlingene har en dynamikk som er preget av ubalanse i styrkeforholdet mellom partene, slik at den som blir utsatt for disse krenkelsene, har vanskelig for å forvare seg. (Olweus, referert i Danielsen, 2017, s. 15)

I Opplæringslova §9A-3 (1998) står det at skular skal arbeide systematisk for å hindre at elevar opplever mobbing. Skulen skal arbeide mot eit trygt og godt miljø for elevane der «Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering». Vidare i §9A-4 i Opplæringslova (1998) står det at alt personale på skulen skal følgje med og følgje opp mobbing eller andre tilfelle som truar elevanes rett til eit trygt og godt skulemiljø. Positive relasjonar mellom elevar vil auke trivselen og utviklinga til elevane. Ein positiv elev-elev relasjon vil kunne redusere mobbing mellom elevane. Mobbing vil kunne føre til minka trivsel og utvikling (Nordahl et.al, 2016, s. 14-15).

3.2.2 Lærar- elev relasjon

Som nemnt under elev-elev relasjon består miljøet på skulen av eit sosialt system. Relasjonen mellom lærar og elev er ein av den viktigaste faktoren i dette systemet. Læraren skal skape eit godt miljø for alle elevane, gjennom seg sjølv og mellom elevane. Læraren vil verke som ein rollemodell for elevane, der dei ser korleis læraren samspelar med og behandler andre

menneskje og dei ulike elevane i klassen (Nordahl et.al, 2016, s. 13). Relasjonen mellom lærar og elev er sentralt for det psykososiale læringsmiljøet (Danielsen, 2017, s. 46).

Læraren skal opptre profesjonelt i klassen og vere den som har kontroll og skaper tryggleik. Elevane vil fange opp om ein lærar forskjellsbehandlar elevane i klassen. Ved at ein lærar behandlar ein elev med ein negativ tone, vil også elevane lettare kunne oppføre seg på den same måten mot denne eleven. På grunn av dette er lærer- elev relasjonen veldig viktig for elevane sine trivsel på skulen og elev- elev relasjonen (Nordahl et.al, 2016, s. 13). Ved svekka elev-elev relasjon vil ein ved å fokusere på eit godt samspel mellom lærar og elevar kunne auke og betre relasjonen mellom elevane (Nordahl et.al, 2016, s. 14). Relasjonsfokus kan bidra til auka trivsel (Grimsæth & Hallås, 2013, s. 154).

3.2.3 Skolemiljøet

Det sosiale miljøet på skulen kan verkje både fremmande og hemmande på elevars trivsel. Miljøet kan fremme trivsel ved positiv vekst og utvikling, men også motverke trivselen ved negative opplevingar (Årdal et.al, 2015, s. 10). Opplæringslova (1998, §9A-2) omhandlar elevane og «Retten til eit trygt og godt skolemiljø». Vidare står det «Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring» (Opplæringslova, 1998, §9A-2). Elevar som opplever tilhøyregheit og inkludering i det psykososiale læringsmiljøet i skulekvardagen vil ha ei oppleving av god skuletrivsel (Danielsen & Tjomsland, 2017, s. 447). Djupedals-utvalet viser til at det psykososiale skolemiljøet er eit samspel mellom psykologiske og sosiale forhold mellom elevane på skulen og skulevegen (NOU 2015:2, 2015, s. 30). Danielsen (2001, s. 146) nemner ein PISA- undersøking publisert i 2016 der elevar føler seg meir einsame og opplever mindre trivsel og tilhøyregheit enn tidlegare. Kjønnsforskjellen når det kjem til trivsel på skulen ser ut til å jamne seg ut ved aukande alder, medan jenter svarar at dei jamt over likar seg meir på skulen enn gutane (Danielsen & Tjomsland, 2017, s. 447).

3.2.4 Lærartettheit


Kirkebøen, Kotsadam, Raaum, Andresen og Rogstad (2017, s. 35-36) skriv i sin rapport at skular med høgare elevantall får fleire lærarar og at det derfor er liten forskjell i resultat ved auka lærartettheit. Rapporten viser til ein svak tendens i reduksjon av mobbing ved auka lærartettheit. Vidare går det fram i rapporten at færre elevar per lærar vil auke moglegheita for å sjå elevane og betre lærar-elev relasjonen (Kirkebøen et.al, 2017, s. 56).

3.3 GRUNNLEGGANDE MENNESKELEGE BEHOV

Maslows behovspyramide og sjølvbestemmelsesteorien er behovsteoriar med humanistiske tilnærmingar. God relasjon mellom lærar- elev og elev-elev er med på å tilfredsstille dei grunnleggande behova (Manger, 2017, s. 154 og 162).

3.3.1 Maslows behovspyramide

Maslows behovspyramide inneholder fem grunnleggande behov satt inn i eit hierarkisk system. Primærbehova kjem lengst nede i hierarkiet og dei sosiale- og humanistiske behova lenger opp (Imsen, 2001, s. 233-234). Mangel-behov er behov vi *må* ha for å overleve. Lengre opp kjem vekst-behova som ein søker når mangel-behova er oppnådd. Maslow, referert i Imsen (2017, s. 237) viser til at menneske er sosiale vesen og derfor har behov for kjærleik og tilhøyregheit. Kjærleik, nivå 3 i pyramiden, er eit fundamentalt ønskje. Vidare er behovet for anerkjenning, tryggheit og sikkerheit viktig for menneskje (Imsen, 2001, s. 235). Behovet for kjærleik går ut på å få og oppleve tilhøyregheit, men også å gi og vere gode mot andre (Imsen, 2001, s. 238). Elevane og miljøet dei er ein del av påverkar kvarandre i ulik grad (Imsen, 2001, s. 234).



Bilde 1. Maslows behovshierarki. Frå *Elevens verden. Innføring i pedagogisk psykologi* (s.234), av G. Imsen, 2001, Oslo: Universitetsforlaget

3.3.2 Sjølvbestemmelsesteorien

Teorien tar for seg behov som menneske trenger i kvardagen. Dei tre behova er tilhøyregheit, autonomi og kompetanse.

Elevar vil oppleve personleg- og sosial utvikling når dei opplever tilhøyregheit og autonomi som er basale behov. Under autonomi ligg individets behov for deltaking ved å bli


integrert. Når elevar opplev at behov som tilhøyregheit og autonomi ikkje er tilstede vil elevars oppleving av trivselen bli redusert (Årdal et.al, 2015, s. 9-10 og Manger, 2017, s. 154). Trivselen kan betrast ved å arbeide mot eit godt sosialt og integrerande miljø (Årdal et.al, 2015, s. 9-10). Trivsel på skulen handlar om tilhøyregheit i det sosiale miljøet og ein tilhøyregheit til lærarane på skulen. At eleven opplever at ein vert sett og respektert av læraren på lik linje med andre elevar (Årdal et.al, 2015, s. 12). Tilhøyregheit omhandlar at elevane opplev kontakt med medelevar og lærarar (Manger, 2017, s. 155). Danielsen (2017, s. 61) skriv at «Tilfredstillelsen av disse tre behovene er antagelig nødvendig for god ...trivsel...». Eit læringsmiljø som bygger opp under behova vil kunne bidra til auka skuletrivsel. Medan faktorar som hemmar følelsen av å oppnå behova vil kunne føre til mistrivsel (Danielsen, 2017, s. 62).

3.4 BRONFENBRENNERS UTVIKLINGSØKOLOGISKE MODELL

Barn utviklar seg gjennom eit samspel med omgivnadane. Ein faktor kan vere om geografisk plassering har innverknad på trivselen. For å forstå elevanes utvikling må ein også sjå på miljøet rundt eleven. Elevane samspelear i mange ulike miljø på ein gang, venner, skole og familie er nokre (Imsen, 2001, s. 338-339).

Teorien til psykologen Urie Bronfenbrenner forklarar korleis ulike miljøfaktorar påverkar individua som leve i miljøet (Årdal et.al, 2015, s. 12-14). Bronfenbrenners utviklingsøkologiske modell viser til at ein må sjå på miljøa i forhold til kvarandre og ikkje berre barnet i miljøet. Teorien beskriver interaksjonen mellom fire samfunnssystem: mikro-, meso-, ekso- og makrosystemet. Mikronivået er det nivået elevane er i direkte kontakt med kvar dag, alt frå venner, familie, skule og fritidsaktivitetar. Det omhandlar nærmiljøet som kan påverke elevanes trivsel positivt og negativt (Danielsen, 2017, s. 26).

Samspelet mellom dei ulike miljøfaktorane er med på å påverke korleis elevar opplev relasjonar og trivsel i sin kvardag (Årdal et.al, 2015, s. 9). Modellen viser til at ein må sjå utanfor mikronivået for å forstå kva som har innverknad på elevanes trivsel på skulen (Danielsen, 2017, s. 26).



Bilde 2. Bronfenbrenners økologiske miljømodell. Frå *Elevens verden. Innføring i pedagogisk psykologi* (s.340), av G. Imsen, 2001, Oslo: Universitetsforlaget

4.0 VITENSKAPSTEORI OG METODE

4.1 SAMFUNNSVITSKAP

Samfunnsvitskapen omhandlar dei verkelegheitene som menneska opplev i kvardagen. Denne kvardagen består av mange ulike element som påverkar kvarandre og på grunn av dette er det viktig å velje rett metode når ein skal undersøkje noko (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 21). Denne studien tar for seg samfunnsfenomenet trivsel.

4.2 FORSKINGSMETODAR

Kvantitativ og kvalitativ metode er forskingsmetodar som ein kan nytte for å forske på ulike aspekt i samfunnet. Dei to metodane kan verte nytta som ein kombinasjon, ein treng ikkje å nytte dei som to separate metodar. Den største forskjellen mellom kvantitativ- og kvalitativ metode er kor fleksible dei er, samt kva ein er ute etter, forståing eller forklaring (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 17). Som samfunnsforsking nytta kvantitativ metode seg av tall for å vise til fenomen i samfunnet. Vi kan vise til tall og prosent, kor stor del av samfunnet som er rammet eller inngår i ulike prosessar. Kvantitativ metode er ein god metode å nytte når ein skal sjå på utbredelsen av eit fenomen (Tufte, 2011, s. 71), som trivsel i skulen. Kvantitativ metode omhandlar å hente inn målbare data på målbare kategoriar som ein har bestemt før ein går i gang med undersøkinga (Gran, 2012, s. 38).

4.3 VAL AV METODE- KVANTITATIV METODE- SURVEY

I denne studien er det nytta ein kvantitativ metode. Hovudgrunnen til at kvantitativ metode vert nytta er moglegheita for mange informantar. Innanfor metoden er det nytta survey, som er eit spørjeskjema, for å innhente datamaterialet. Spørjeskjema er eit av dei viktigaste måleinstrumenta innanfor kvantitativ metode som gjer at datamaterialet kan bli fyldig og relevant (Tufte, 2011, s. 80). Ved å la elevar svare på eit spørjeskjema rundt deira oppleving av trivsel på skulen vil ein kunne presentere tall som kan samanliknast og settast opp mot kvarandre.

Ved å nytte survey med identiske og lukka spørsmål, har informantane liten fleksibilitet når det kjem til svarmoglegheitar. Alle informantane i utvalet vil dermed få same spørsmål, i same rekkefølge og med dei same svaralternativa. Ved å nytte avkryssing på oppgitte svaralternativ vil ikkje informantane kunne svare med fri tekst, noko som gjer at funna enkelt kan samanliknast (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 17).

Studien er av beskrivande karakter (Tufte, 2011, s. 75) der målet er å framstille korleis trivselen på dei ulike barneskulane er. Studien vil ikkje gå vidare inn i å forklare konsekvensane av funna, dette vil bli for omfattande i ein slik studie, men i drøftinga vil nokre alternative forklaringar til funna verte presentert.

4.3.1 Fordeler og ulemper med spørjeskjema

Fordelen er, som nemnt tidlegare, at ein kan få store mengder med datamateriale, noko som vil kunne føre til at studien vert meir reell og generaliserbar i eit samfunnsperspektiv.

Ein svakheit ved å bruke spørjeskjema med lukka spørsmål er at informantane ikkje får utdjupe svara sine, dei må plassere seg sjølv på ein «skala» utan å få grunngje kvifor dei valte akkurat dette svaret.

4.4 UTFORMING AV SPØRJESKJEMAET

Før arbeidet med å forme spørjeskjemaet tok til blei det lest teori og forsking om temaet «trivsel» og andre tema som har tilknyting til omgrepene trivsel. Det vart også lest kartleggingsundersøkingar og andre undersøkingar som er gjort på skular i Norge om trivsel som ein inspirasjon til utforminga av spørjeskjemaet som inngår i dette studiet. Skjemaet er blitt revidert fleire gongar.

Variablane i spørjeskjemaet er spørsmåla og verdien er svaralternativa elevane kan velje imellom. Variabelen må ha to verdiar for å vere en variabel. Spørjeskjemaet som vert nytta i denne studien har variabler på ordinalnivå og nominalnivå, med ulike verdiar under dei ulike delane i spørjeskjemaet. Første delen, *elevkarakteristikken*, er nominalnivå, medan sjølve spørsmålsdelen er på ordinalnivå. Forskjellen på dei to er at verdiane på ordinalnivå kan rangeres, det kan ikkje verdiane på nominalnivå (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 125-127). Formuleringa er forsøkt forenkla og gjort så kvardagslege som mogleg, utan fagterminologi, så elevane lettare skal kunne forstå og svare på spørsmåla.

Etter at det var bestemt at spørjeskjemaet skulle ha lukka spørsmål, vart fleire typar verdiar vurdert til bruk i spørjeskjemaet. Det er blitt vurdert å bruke smilefjes med fargar fordi elevane kanskje forstår dette betre enn verdiar med ord og tall. Skulle spørjeskjemaet blitt nytta på småtrinnet (1.-4. klasse) hadde dette kanskje vert meir aktuelt. Tall som verdiar vert også kanskje litt for uklart for elevane, med tanke på kvar dei skal plassere seg på skalaen. På bakgrunn av desse grunngjevingane vart det nytta verdiar med ord. Eit spørjeskjema med slike verdiar har elevane truleg sett i tidlegare undersøkingar.

Det endelege spørjeskjemaet er delt inn i fire deler som elevane skal gjennom. Dei fire ulike delane omhandlar *elevkarakteristiska*, *trivsel i skulen*, *elev-elev relasjon* og *lærer-elev relasjon*. Undersøkinga inneholder 24 spørsmål om elevanes trivsel og relasjoner på skulen. Ein av grunnane til at alle desse spørsmåla vart ein del av studiets undersøking var at det var interessante aspekt ved trivselen. Samtidig var det eit bevisst val å sitte igjen med litt for mykje datamateriale enn for lite.

I studiet er det skular med både bokmål og nynorsk som målform. Spørjeskjemaet er skreve og sendt ut på bokmål til alle skulane som har delteke i studiet. Grunnane til dette er at alle skulane skulle få identiske spørjeskjema. At valet falt på bokmål er ei vurdering rundt at bokmål er ei målform som ofte er lettare å forstå enn nynorsk. Nynorskelevane møter truleg meir bokmål i kvar dagen enn bokmålselevane møter nynorsk.

4.4.1 Dekomponering og operasjonalisering

Trivsel er eit omfattande omgrep som dekkjer mange ulike moment. Ved å dele opp omgrepet kan ein organisere og undersøke nokre moment ved omgrepet (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 32). Omgrepet trivsel vert i denne studien dekomponert til skolemiljø, relasjoner mellom elev-elev og lærar-elev med fokus på mobbing, einsamheit og venner.

Operasjonalisering er å omforme hovudmomentet til variablar som kan gi målbare data. Dette er relevant å gjere i kvantitativ metode (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 32 og 125). I denne studien er det laga 24 variablar ut i frå dekomponeringa som skal representer og bygge opp under hovudmomentet *trivsel på skulen*.

4.5 DATA OG UTVAL

4.5.1 Datainnsamling

Datamaterialet i dette studiet er samla inn ved bruk av survey. Surveyet er utarbeida sjølvstendig ut frå teori og forsking som er lest i forberedingsfasen. Spørjeskjemaet er revidert ein rekje gongar og har vert igjennom eit lite preststudie på elevar i den gitte aldersgruppa før det vart delt ut til dei informantane og det utvalet som deltek i studiet. Dette for å lettare kunne sikre at formuleringane og oppsettet er forståeleg for informantane (Tufte, 2011, s. 76).

Sjølve gjennomføring av undersøkinga skjedde ved at skulane fekk tilsendt ein e-post med spørsmål om deltaking og eit informasjonsskriv (vedlegg 1) om studiet. Dei skulane som takka *ja* fekk så tilsendt spørjeskjemaet på e-post som pdf. Skulane skreiv ut spørjeskjemaet og delte det ut i klassane. Etter at elevane hadde svart på undersøkinga vert alle skjemane

samla inn av lærarane og henta på dei aktuelle skulane. Ved at skulane fekk spørjeskjema på e-post letta prosessen med datainnsamlinga. Samt at det å hente spørjeskjemane på skulane sørga for at svara til informantane ikkje kan sporast tilbake til skulane då svara ikkje vart sendt over internett.

4.5.2 Utvalet

Studiet bygger på et kriteriebasert utval (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 51) der kriteria er (1) at elevane må gå på by- eller bygdeskule på Vestlandet og (2) at dei går i 5.- eller 7. klasse. Utvalet består av elevar på 5. og 7. klassessteg fordi dei, som halvvegs eller snart ferdig med barneskulen, har erfart trivselen på skulen og i klassen. Dei har også vert igjennom liknande undersøkingar før, noko som føre til at sjansen for at dei forstår spørsmåla, spørsmålsforma og svarer ærleg er større.

Arbeidet med å skaffe nok informantar har ikkje vert enkelt. Ut i frå kriteria som oppgåva hadde om at det skulle vere by- og byskular og at elevane går i 5.- og 7. klasse starta innhentinga av informantar med å sende ut e-postar til rektorar på skulane som gjekk under kriteria. Det har blant bygdeskulane vert god respons og god deltaking, der 4 av 5 skular ville delta. Totalt 11 byskular vart spurta om å delta, der to svarte at dei dessverre ikkje hadde moglegheit til å delta og 3 svarte at dei gjerne ville delta. Dei resterande skulane gav ikkje noko tilbakemelding.

Utvalet består av totalt 266 elevar fordelt på sju by- og bygdeskular på Vestlandet. Det er 118 elevar som informantar hjå bygdeskulane og 148 elevar hjå byskulane.

4.5.3 Fordeler og ulemper ved utvalet

Fordelen med utvalet som deltok i undersøkinga er at det er dei som går på skulen og kjenne trivselen og det psykososiale miljøet på kroppen. Ved å ha nytta informantar frå 5. og 7. klasse er dei halvvegs og snart ferdig med barneskulen og har mange år med skuleerfaringar. Desse aldersgruppene har også truleg vert med på andre undersøkingar iløpet av skulegangen sin, noko som gjer at informantane kjenner til spørjeskjema, og kanskje lettare klarer å svare truverdig og forstå spørsmåla.

Ulempa med utvalet er at dei kanskje ikkje les spørsmåla godt nok eller forstår dei. Det kan også vere ord eller omgrep som dei ikkje forstår, sjølv om spørjeskjemaet er utforma med så enkle og kjente omgrep som mogleg, samt testa i forkant av sjølve undersøkinga.

4.6 ANALYSE

Eit kvantitativt studie viser til tall for å framstille eit fenomen i samfunnet. Analysen som er føretatt i studiet er en univariat analyse. Dette er analyse av variablar kvar for seg. I ein slik univariat analyse vil det kome fram kor mange enheter/ informantar det er per verdi på ein gitt variabel (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 141).

Analysen har blitt gjennomført i ulike steg. Alle stega er så blitt gjort to gonger for å sikre at analysen og funna som vert framstilt er så truverdige og pålitelige som mogleg. Det første steget i analysen gjekk ut på å gå gjennom alt datamaterialet for å sjå om det var noko som måtte forkastast. Totalt 266 elevar svarte på undersøkinga om trivsel. Etter gjennomgang av alt datamaterialet var det 19 spørjeskjema som vart forkasta og som ikkje er ein del av funna. Grunne til dette er at alle spørsmåla ikkje var besvart, det var satt kryss midt mellom to svaralternativ og/eller det var kryssa av for fleire svaralternativ på same spørsmålet. Ved slike svar må spørjeskjemaet forkastast då det ikkje går fram kva informantane eigentleg meina. Etter forkastinga er 247 informantar ein del av datamaterialet som vert analysert og presentert i funndelen.

Neste steg i analysen gjekk ut på å dele opp byskular og bygdeskular i kvar sine bunkar. Etter inndelinga og oppteljing av spørjeskjemane var det 111 elevar frå bygdeskulane og 136 elevar frå byskulane som er ein dela av studiet. Vidare gjekk inndelinga av datamaterialet etter klassetrinn og kjønn. Funna vil vidare i oppgåva ikkje verte skilt i klassetrinn og derfor er fordelinga av 5.- og 7. klasse ikkje presentert her. Fordelinga på kjønn viste at 50 gutter og 61 jenter deltok frå bygdeskulane og 61 gutter og 75 jenter deltok frå byskulane.

Etter inndelinga i skuletype, klassetrinn og kjønn begynte oppteljinga av datamaterialet for kvar enkelt variabel. Variablane i spørjeskjemane er grundig gjennomgått og informantane har blitt fordelt på dei verdiane dei kryssa av for i skjemaet. Vidare er det blitt talt opp kor mange informantar som har svart på dei ulike verdiane. Antallet er så notert ned i eit skjema for å få oversikt. Etter at oppteljinga var ferdig vart datamaterialet satt inn i eit excel-dokument. Det er i dette dokumentet alle diagram er framstilt.

Det er ikkje eit like stort antall informantar frå by- og bygdeskulane. For at funna som vert presentert i funndelen skal bli så presise og oversiktlege som mogleg vart analysen gjennomført til å framstille funna i prosentdel (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 143-144).

4.7 RELIABILITET OG VALIDITET

I forskingsarbeid er omgrepa pålitelegheit og truverdigheit viktige. Reliabiliteten (pålitelegheita) til eit studie omhandlar kor truverdige datamaterialet som er innhenta er. Reliabiliteten er knytt til kva data som er innhenta, korleis datamaterialet er innhenta og analysert i etterkant (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 23). Undersøkinga i dette studiet er berre gjennomført på informantane ein gang. Måten datamaterialet er smala inn på er også god. Spørsmåla er sendt ut på e-post i pdf som gjer at ingen kan endre på spørsmåla, samtidig som at alt datamaterialet er henta på skulane. Om informantane hadde svart på si oppleving av trivsel kvar dag over ein lengre periode hadde funna vert meir pålitelege enn når elevane må tenke tilbake (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 23). Det er også gjort ein operasjonalisering av omgrepet, noko som gir høg reliabilitet (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 32).

Reliabiliteten av analysen kunne vert meir optimal ved at eit program hadde gjort oppteljinga av datamaterialet. Datamaterialet vart samla inn i papirform noko som gjor oppteljing for hånd best egna, for så å leggje datamaterialet inn i excel. Ut i frå den analysen som er gjort, og det at analysen er gjort to gongar, er reliabiliteten god.

Validitet (truverdigheit) omhandlar kor bra datamaterialet i studien representerer fenomenet som vert undersøkt. Validiteten i studiet kan ein hente ut i frå spørsmåla som vert stilt i spørjeskjemaet. Til fleire metodar ein brukar for å få svar på eit fenomen til betre er omgrevsvaliditeten. Validitet er ikkje noko som enten er oppfylt eller ikkje, det kan vere nesten oppfylt (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 24).

I denne studien er validiteten nesten oppfylt. Spørsmåla i spørjeskjemaet er knytt opp imot det fenomenet som studien skal undersøke. Det som kan svekke validiteten er at det berre er nytta spørjeskjema med lukka spørsmål og ikkje andre metodar. Hadde studien også nytta til dømes intervju hadde ein kunne spurt meir rundt trivselen hos elevane og slik styrka validiteten. Samtidig er det elevar som har svart på undersøkinga om sin trivsel, noko som gjer funna truverdige.

4.8 MOGLEGE FEILKJELDER

I eit studie der ein forskar på eit samfunnsfenomen kan informasjonen eller måten å forske på gje feilkjelder. Feilkjeldene kan kome frå innsamlingsmåten, informantane og/eller frå analysen av datamaterialet.

I denne studien kan ei feilkjelde vere å avgrense studien til å sjå på to klasser på kvar skule. Grunnen til dette kan vere at dei utvalde skulane og klassene har eit veldig dårlig eller veldig godt miljø. På grunn av dette kan få informantar i forhold til elevmasse kunne slå ut som ei feilkjelde. Denne studien har heller ikkje tatt omsyn til eventuelle diagnosar eller opphav, alle elevar er inkludert i denne studien. Dette fordi alle elevar har rett til å oppleve trivsel på skulen (Opplæringslova §9A-3, 1998). Vidare kan ei feilkjelde vere at informantane som har deltatt i denne studien har vert involvert i konfliktar dagar før eller den dagen dei svarte på undersøkinga, dette vil kunne prege svara deira, slik at dei ikkje svarar på eit generelt grunnlag. Andre feilkjelder kan vere at informantane ikkje har forstått spørsmålet som dei svarar på eller at dei utover i undersøkinga går lei og berre kryssar av tilfeldig. Det kan også skje at informantane i studiet har svart slik dei trur «vaksne» vil at ein skal svare, og ikkje vert ærlege i svara dei har gitt.

Når det kjem til analysen kan mogleg feilkjelde vere at det er feil i oppteljinga. Dersom undersøkinga hadde vert nettbasert kunne denne moglege feilkjelda vert redusert. For å prøve å redusere feilkjelder i analysedelen har datamaterialet blitt gjennomgått to gongar.

4.9 ETISKE OMSYN

Ved undersøking av tema som krev informantar må ein som forskar tenke gjennom etiske omsyn for å verne om informantane. Sidan undersøkinga omhandlar svar frå menneske er det viktig å handtere informasjonen, spesielt den personkarakteristiske informasjonen riktig (Tufte, 2011, s. 76). Etter samtale med Norsk Samfunnsvitenskapskapeleg datatjeneste (NSD) var det ikkje nødvendig å søkje godkjenning for gjennomføring av studiet hos dei. Då studiet berre samla inn informasjon som kjønn, skuletype (by-/ bygdeskule) og klassetrinn var det ikkje nok informasjon til å finne ut kven informantane i undersøkinga er. Informasjonen vart heller ikkje samla inn elektronisk, noko som er med på å gjøre at informantane er mindre utsett for identifisering.

Informantane i dette studiet er blitt informert om at dei til ei kvar tid kan gje beskjed om at dei ikkje lenger vil delta i studiet. Når læraren har delt ut undersøkinga i klassane skal elevane ha fått moglegheita til å ikkje delta. Denne retten fell under «Informantens rett til selvbestemmelse og autonomi» (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 41). Då det er lærarane og ikkje eg som har delt ut og vert til stede under gjennomføringa kan eg ikkje vere heilt sikker på at dette er blitt gjort.

Ein annan viktig rett er også «Forskerens plikt til å respektere informantens privatliv» (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 41) som omhandlar at informantane kan velje å ikkje ville svare på gitte spørsmål. Samtidig som at informantane kan vere sikre på at dei er anonymisert. Anonymiteten til informantane i dette studiet er god. Det vert ikkje samla inn informasjon som kan sporast tilbake til enkeltindivid.

Studiet er basert på informantar som ikkje er myndige. Då undersøkinga innhentar lite sensitiv informasjon og er av anonym karakter, fekk skulane moglegheit til å sei ifrå om foreldra skulle informerast. Nokre skular hadde på førehand fått godkjenning av føresette til å la elevane delta i slike prosjekt og andre meinte at studiet var så anonymt at føresette ikkje trengt å gi samtykke.


5.0 FUNN

Kapittelet vil presentere dei funna som kan vere med på å gi svar på forskingsspørsmålet og hypotesane i studiet. Alle funna kan studerast i vedlegg nr 3. Funna vil bli presentert under bokar:

1. Trivsel på skulen
2. Elev-elev relasjon
3. Lærar- elev relasjon

Dette er dei same bokane som er presentert i spørjeskjemaet (vedlegg 2). Funna vil bli framstilt ved diagram og oppgitt i prosent (%). Samtidig er det meir enn 20 informantatar som har svart på kvar variabel, noko som gjer det gunstig å framstille funna i prosentdel (Christoffersen og Johannessen, 2012, s. 143-144).


Figur 1 nedanfor viser at studiet bygger på 247 informantar. Det er 136 informantar frå byskulane og 111 informantar frå bygdeskulane. Figur 2 viser fordelinga av antall informantar samt fordeling mellom kjønn. Dei to figuraneane framstiller antall elevar.



Figur 1.

Figur 2.


5.1 TRIVSEL PÅ SKULEN



Figur 3.

Figur 3 viser hovudspørsmålet i studien, «Trivst du på skulen?». Figuren viser at det ikke er forskjell hjå by- og bygdeskulane i trivsel hos elevane. Det er 88% som trivst, 11% som trivst *nokre gongar* og 1% av elevane som ikkje trivst på skulen ved begge skuletypane.


5.1.1 Trivsel på skulen basert på kjønn




Figur 4.

I figur 4 er funna på spørsmålet «Trivst du på skulen?» vist ved ei fordeling på kjønn ved by- og bygdeskulane. Funna viser liten forskjell mellom kjønn og trivsel. Det er ein liten tendens til at jenter trivst betre enn gutter. Det som skil seg mest ut er at jentene på bygdeskulane trivst mest, medan gutane på bygdeskulane trivst minst.

5.1.2 Vänner




Figur 5.



Figur 6.


Figur 5 og 6 viser at 100% av elevane på bygdeskulane svarar *ja* på at dei har venner på skulen og i klassen. På byskulane svarar 96% at dei har venner på skulen og i klassen, medan 4 % av elevane svarar at dei har venner på skulen og i klassen *nokre gongar*. Ingen elevar på byskulane svarar *nei* på spørsmålet om venner på skulen eller i klassen.

5.1.3 Oppleving av skuletrivselen



Figur 7.


Figur 7 tar for seg spørsmålet «Likar du å gå på skulen?». Her svarer elevane på byskulane høgst på at dei likar å gå på skulen. Det er 55% av elevane på byskulane som svarar *ja* på at dei likar å gå på skulen og 38% svarar *nokre gongar*. På bygdeskulane er det 52% av elevane som svarar *ja*, medan 36% svarar *nokre gongar*. På bygdeskulane er det 12% av elevane som svarar at dei ikke likar å gå på skulen, mot 7% på byskulane.



Figur 8.


Figur 8 viser at 4% av elevane på byskulane føler seg einsam på skulen, mot 1% av elevane på bygdeskulane. 85% av elevane på bygdeskulane svarar at dei ikke føler seg einsame på skulen, mot 82% av elevane på byskulane. På både by- og bygdeskulane svarar 14% av elevane at dei føler seg einsam *nokre gongar*.

5.2 ELEV- ELEV RELASJON




Figur 9.

Figur 9 tar for seg mobbing. Funna viser at elevane svarar ganske likt på by- og bygdeskulane. Det er to prosentpoeng som skil bygdeskulen og byskulen, der dei svarar at dei *aldri* vert mobba på skulen. 15% på både by- og bygdeskulane svarar at dei *sjeldan* vert mobba. På bygdeskulane er det ingen elevar som svarar at dei vert mobba *ganske ofte* eller *ofte*. På byskulane er det 1% av elevane som svarar at dei vert mobba *ganske ofte* og 1% som svarar *ofte*.



Figur 10.


Figur 10 viser at elevane på både by- og bygdeskulane sjeldan ser elevar som går mykje åleine. Det er flest elevar som svarar at dei *aldri* eller *sjeldan* ser dette. Figuren viser også at det er litt fleire elevar på bygdeskulane som ser elevar som går åleine enn elevar på byskulane.



Figur 11.


Figur 11 viser at 10% av elevane på bygdeskulane *aldri* går bort til elevar som går åleine, mot 4% av elevane på byskulane. Ca. 40% på både by- og bygdeskulane går *ganske ofte* bort til elevar som går åleine for å få dei med i leik. Det er 10 prosentpoeng fleire elevar på byskulane som svarar *ofte* på spørsmålet enn på bygdeskulane.

5.3 LÆRAR- ELEV RELASJON




Figur 12.

Figur 12 viser at 70% av elevane på bygdeskulane føler at dei har god kontakt med lærarane, mot 74% av elevane på byskulane. 27% av elevane på bygdeskulane og 24% av elevane på byskulane har *nokre gongar* god kontakt med lærarane. Det er 3% av elevane på bygdeskulane som svarar at dei ikkje har god kontakt med lærarane mot 2% av elevane på bygdeskulane.




Figur 13.

I figur 13 ser vi at elevane på byskulane (63%) føler dei kan snakke meir med lærarane sine enn elevane på bygdeskulane (55%) om det er noko/nokon som plagar dei. Det er 8 prosentpoeng som skil dei to skuletypane på dette spørsmålet. Vi ser også at det er fleire elevar på bygdeskulane (11%) som svarar at dei ikkje føler dei kan snakke med lærarane sine, mot 8% av elevane på byskulane.




Figur 14.

Figur 14 viser at 69% av elevane på bygdeskulane opplev at lærarane ikkje behandlar elevane dårlig, medan 7% av elevane meina at lærarane behandlar elevane dårlig. På byskulane opplev 51% av elevane at lærarane ikkje behandlar elevane dårlig, medan 23% meina at lærarane behandlar elevane dårlig.



Figur 15.

Figur 15 viser at 80% av elevane på bygdeskulane og 76% av elevane på byskulane oppleve at lærarane bidrar til god trivsel. Det er 1% på bygdeskulane og 2% på byskulane som føler at lærarane ikkje bidrar til god trivsel på skulen.



Figur 16.

Figur 16 viser at 77 % av elevane på bygdeskulane og 70% av elevane på byskulane føler at lærarane reagera når dei ser at elevar vert behandla dårlig. 18% av elevane på bygdeskulane og 24% på byskulane svarar at lærarane reagera *nokre gongar* når elevar vert behandla dårlig. Av elevane på bygdeskulane er det 5% som opplever at lærarane ikkje gjer noko mot 6% på byskulane.

6.0 DRØFTING

I drøftingsdelen vil sentrale funn frå spørjeundersøkinga, representert i funndelen, verte drøfta opp imot teorien for å svare på forskingsspørsmålet:

«*Er det forskjell i trivsel på byskular og bygdeskular hjå elevar i barneskulen?*»

og hypotesane:

- *Relasjonen og kontakten til lærarar er betre på bygdeskulane då elevtalet er mindre*
- *Elevane på byskulane finn lettare venner då det er fleire elevar å identifisere seg med*

6.1 TRIVSEL PÅ SKULEN

Når det kjem til trivsel i samfunnet, kan menneske ha ulike oppfatningar og definisjonar på omgrepene trivsel. I eit samfunnsperspektiv er det viktig å ver bevisst over at lista for når menneske opplev trivsel variera frå person til person. Nokon krev meir for å kunne sei at dei opplev trivsel. Slik er det også for elevane på skulen, den arenaen i mikronivået som elevane oppheld seg i kvar dag. Skulane som har delteke i denne studien har ulike psykososiale miljø, noko som vil vere med på å påverke elevanes oppleving av trivselen på skulen. Andre faktorar som kan ha innverknad på trivselen til elevane er det geografiske området skulen ligg i og mikronivået som elevane er ein del av (Imsen, 2001, s. 338-339). Dette går direkte inn på om skulen elevane går på ligg i ein by eller i ei bygd. Men, sjølv om skulane har ulike geografiske områder og psykososiale miljø, er oppleving av trivsel noko alle elevar i den norske skulen har krav på. Dette er hjemlet i Opplæringslova §9A-2 (1998) og i FNs barnekonvensjon (1989).

Funna i studien viser at trivselen på dei ulike skuletypane er heilt lik. Det er ein like stor prosentdel av elevane på by- og bygdeskulane som *liker seg, likar seg nokre gongar* og *ikkje likar seg*. For det første var dette funnet overraskande då det ikkje var venta at prosenten skulle verte heilt lik hos dei to skuletypane. Samtidig er dette eit veldig interessant funn fordi dei andre funna i studien viser til små forskjellar mellom skuletypane når det kjem til underkategoriar av omgrepet trivsel.

Eit funn som ikkje overraska var samanheng mellom trivsel og kjønn. Undersøkinga viser at jenter trivs i litt større grad enn gutter både på by- og bygdeskulane. På bygdeskulane er det 93% av jentene som trivst på skulen mot 82% av gutane. På byskulane er det 88% av både gutane og jentene som svarar at dei trivst på skulen, men det er fleire jenter enn gutter

som trivst *nokre gongar*, noko som viser til at jentene trivst i litt større grad enn gutane også på byskulane. Samtidig viser undersøkinga at det er ingen jenter som ikkje likar seg på skulen, medan 2% av gutane på både by- og bygdeskulane ikkje likar seg på skulen. Danielsen og Tjomsland (2017, s. 447) viser til at jenter likar seg betre på skulen enn gutter. Det å *like seg* går under definisjonen trivsel (Trivsel, u.å). Den største forskjellen i trivsel basert på kjønn finn vi på bygdeskulane.

Studien hadde «venner» som ein faktor for at elevane trivs på skulen.

Kunnskapsdepartementet (2016, s. 17) viser til at venner er viktig for at elevane skal ha det godt på skulen. Vidare peikar Nordahl, Flygare og Drugli (2016, s. 12) på at venner er sentrale i sosialiseringssprosessen som er viktig for elevane vidare i livet. Det studien viser er at 100% av bygdeskuleelevarne opplev å ha venner. På byskulane opplev 96% at dei har venner og 4% svarar at dei har venner *nokre gongar*. Dette funnet var motsatt av det som var venta før studien tok til. Hypotesen før studiestart var at elevane på byskulane opplevde å ha fleire venner enn elevane på bygdeskulane. Eit av argumenta for dette er at det ofte er fleire elevar på byskulane og kanskje lettar å identifisere seg med nokon. På den andre sidan kan det jo hende at elevane på bygdeskulane lettare skapar gode relasjonar med medelelevane då det er færre å tilpasse seg etter og kanskje får fleire nære venner. Imsen (2001, s. 338-339) viser også til at venner er ein viktig faktor i nærmiljøet for at elevane skal oppleve trivsel, nettopp fordi det er aktørar som påverkar kvarandre kvar dag. Studien viser at mange elevar på skulane opplev at dei har venner både i klassen og på skulen generelt. Dette er positive funn som kan peike på at venner skapar trivsel. Dette da mange elevar svarar at dei opplev stor trivsel og å ha venner.

Vidare skulle elevane svare på om dei likar å gå på skulen (figur 7). Når elevane opplev nokså høg trivsel og å ha så mange vener venta ein seg eit funn som viste at mange elevar likar å gå på skulen. Dette då det «å like seg» går under å trivs, men dette viste seg å ikkje stemme. Undersøkinga viser at berre litt over halvparten av elevane på både by (55%) - og bygdeskulane (53%) likar å gå på skulen. Kva som er grunnen til dette er interessant. Om trivselen på skulane er så god som elevane svarar på, ligg det kanskje andre faktorar til grunn for akkurat dette funnet. Mange av elevane har lagt seg på lista der dei svarar at dei likar seg på skulen *nokre gongar*, medan heile 12% av elevane på bygdeskulane og 7% av elevane på byskulane svarar at dei ikkje likar å gå på skulen. Som nemnt over kan det vere ulike faktorar til at elevane trivst godt på skulen, men at dei ikkje likar å gå på skulen. Ein faktor kan vere at elevane ser på det «å like» som noko dei synst er morosamt og som dei gjer av fri vilje, som

idrettsaktivitetar, dataspeling og vennekveldar. På denne måten ser dei på skulen som meir tvang og lite morosamt, sjølv om dei har venner og trivs når dei er på skulen.

Elevane fekk også spørsmål om dei føler seg einsame på skulen, ein faktor som påverkar trivselen. Dette punktet heng saman med det *å finne seg til rette* (Trivsel, u.å). Undersøkinga i studien viser at dei fleste elevane på både by (82%) – og bygdeskulane (85%) ikkje føler seg einsame. Det er 14% av elevane på begge skuletypane som opplev å føle seg einsam *nokre gongar*. Det å kjenne på einsamheit av og til er nok noko alle kan kjenne seg igjen i, så dette funnet var ikkje så overraskande. Studien viser at 4% av elevane på byskulane føler seg einsame mot 1% av elevane på bygdeskulane. Dette funnet kan henge saman med funna rundt venner. Det var 96% av elevane på byskulane som opplevde å ha venner og 4% opplevde å ha venner *nokre gongar*. At kun 1% av elevane opplev å vere einsam på skulen kan og ha samanheng med at 100% av elevane opplev å ha venner. For elevane på byskulane kan det vere at ein føler seg einsam i mengda. Det er kanskje vanskelegare å finne sin plass blant for mange elevar og stor vennegrupper. Funna i studien kan trekka som ein samanheng med resultata i den internasjonale undersøkinga PISA frå 2016, der det kom fram at elevar føler seg meir einsame og føler det er vanskelegare å finne ein tilhøyregheit no enn før (Danielsen, 2016, s. 146). For dei 18% på byskulane og 15% på bygdeskulane som føler seg einsame og einsame *nokre gongar* kan skulekvardagen verte krevjande (Nordahl, et.al, 2016, s. 12) og føre til misstrivsel.

6.2 RELASJONANE SOM PÅVERKAR TRIVSELEN PÅ SKULANE

Klassemiljøet er bygd opp av sosiale system, og i desse systema inngår både relasjon med medelevar og lærarar (Nordahl et.al, 2016, s. 13). Gode relasjonar mellom alle aktørane i skulen vil vere med på å tilfredsstilje dei grunnleggande behova elevane har som vidare fører til oppleveling av trivsel (Manger, 2017, s. 162).

6.2.1 Elev- elev relasjon

Undersøkinga i studien har sett på relasjon mellom elevar noko Nordahl et.al (2016, s. 14) og Kunnskapsdepartementet (2011, s. 17) meina er viktig for oppleveling av trivsel. Det første studien tok for seg under relasjonen mellom medelevar var mobbing. Mobbing er noko ingen elevar i norsk skule skal oppleve hjemlet i Opplæringslova §9A-3 (1998). Funna som kom fram i dette studiet var veldig positive når det gjeld mobbing. Ein kan nesten ikkje sei at det er nokon forskjell mellom by- og bygdeskulane når det kjem til mobbing, nettopp fordi forskjellen er så liten. Det ein kan sjå er at på byskulane svarar 1% av elevane at dei vert

mobba ganske ofte og 1% at dei vert mobba ofte. Det er ingen av elevane på bygdeskulane som kryssar av på desse verdiane. Eit pedagogisk argument for dette funnet kan vere at elevtalet på bygdeskulane er lavare, samt mindre geografisk område og større lærartettheit kan vere med på å reduserer mobbing. Dette kan føre til at det er lettare å oppdage mobbing på bygdeskulane enn på byskulane. At så mange elevar svarar at dei ikkje opplev mobbing, eller opplev det sjeldan, er ein grunn til at trivsel på skulane er så god. Ved lite mobbing kan ein også lett konstatere at det psykososiale læringsmiljøet virka til å vere godt på skulane som deltok i studien, noko som fører til god trivsel og lite misstrivsel. Imsen (2001, s. 234) viser også til at elevane er med på å skape miljøet som dei er ein del av. Nettopp derfor er elevane ein viktig del av det psykososiale miljøet og ein aktiv aktør når det kjem til å skape trivsel og redusere faktorar som hemmar trivselen for sine medelevar.

Etter at elevane hadde svart på om dei vart mobba på skulen, skulle dei svare på om dei såg elevar som gjekk mykje åleine og om dei gjekk bort for å invitere dei aktuelle elevane med i leik. For, som nemnt over er elevane viktige aktørar i sitt skulemiljø og kan utgjere en forskjell. Maslows behovspyramide viser til behovet for kjærleik, som både handlar om å få og gi kjærleik (Imsen, 2001, s. 238). Behovet for kjærleik kan elevar sørge for at medelelevane oppnår ved å gå bort til medelevar når ein ser dei går aleine. Elevane på by- og bygdeskulane svarar generelt jamt på at dei sjeldan ser elevar som går mykje åleine på skulen, noko som viser til funnet der alle, eller mange har vene eller noko å leike med. Om vi skal sjå litt på dei små tendensane som studiens funn framvisar, ser vi at det er fleire av elevane på bygdeskulane som meina dei oftare ser elevar som går aleine. Samtidig som at det er elevane på bygdeskulane som svarar mest (10% mot 4% på byskulane) på at dei *aldri* går bort til elevar som går åleine. Vi ser at mesteparten av elevane på både by- og bygdeskulane har lagt seg på verdiane *sjeldan* og *ganske ofte*. Dette kan ha med at dei fleste elevane svarar at dei sjeldan eller aldri ser nokon som går aleine, og derfor vel å plassere seg nettopp på desse verdiane. Ein annan faktor for at elevane på bygdeskulane går bort til elevar som går åleine i mindre grad enn elevane på byskulane kan vere at det kanskje er meir stigma å gå bort til noko som går åleine. Kanskje ein er redd for å bli fryst ut eller å bli den som skal gå åleine. Samtidig er funnet med at elevane på bygdeskulane ser mest elevar som går aleine litt rart når det også er her elevane svarar at dei er minst einsame og har flest venner. Vidare har elevanes oppleving av friminutta innverknad på opplevinga av trivselen. Ved at elevar går bort til medelevar som går åleine, vil dette kunne vere med på å skape ein tilhøyregheit på skulen, noko som er med på å auke trivselen samtidig som tilhøyregheita, eit menneskelege behov

menneske som sosiale vesen har, kan auke (Årdal et.al, 2015, s. 9-10 og Imsen, 2017, s. 235-237).

6.2.2 Lærar- elev relasjon

Eit dei viktigaste sosiale sistema i skulen er relasjonen mellom lærar og elev. Dette på grunn av at læraren påverkar relasjonen til elevane og mellom elevane (Nordahl et.al, 2016, s. 13). Elevane som har delteke i denne studien har svart på nokre spørsmål om deira oppleving av sin relasjon med lærarane på skulen.

Ein kan tenke seg at god relasjon mellom lærar og elev betyr at ein har god kontakt og at begge partar føler at ein kan snakke med den andre parten om det er noko. Dette er to moment som elevane i denne studien har tatt stilling til. Funna som framkjem frå studien er at elevane på byskulane opplev god kontakt med lærarane og opplev at ein kan snakke med lærarane om det er noko, i litt større grad enn det elevane på bygdeskulane føler. Dette funnet var noko uventa, nettopp fordi byskulane ofte er større enn bygdeskulane både i området og elevmasse. Kirkebøen et.al (2017, s.56) viser også til at skular med færre elevar per lærar vil kunne oppnå ein betre relasjon mellom lærar og elev. Hypotesen før studiets start var også at elevane på bygdeskulane kanskje opplevde betre kontakt med lærarane. Studien viser ikkje årsakene til at elevane på byskulane opplev betre kontakt med lærarane enn elevane på bygdeskulane, men ein kan kanskje tenke seg nokre senario. Eit senario kan vere at elevane på bygdeskulane lev i eit lite bygdesamfunn, alle kjenner alle. Kanskje læraren er mora til bestekompisen, eller tanta di. Slike små samfunn kan vere med på å påverke relasjonar både positivt og negativt. På bygdeskulane er det berre litt over halvparten (55%) som føler at dei kan snakke med lærarane sine om det er noko. På byskulane er det 63% som føler at dei kan det. Det vi ser er at funna frå figur 12 og figur 13 kan ha ein samanheng. Ein ser at når ein har god kontakt med lærarane, altså god relasjon, vil elevane også føle at dei kan snakke med lærarane. Vi ser at diagramma i dei to figurane følgjer kvarandre ganske godt.

Trivsel i skulen er ikkje berre elevane sitt ansvar. Lærarar, som det er studert på i dette tilfellet, er ein viktig faktor for elevanes oppleving av trivsel. På denne måten vil lærarane også virke som rollemodellar for elevane (Nordahl et.al, 2016, s. 13). Lærarane kan bidra til å skape god trivsel ved å arbeide målretta med miljøet (Manger, 2017, s. 154-155). Studien stilte spørsmål «Føler du at lærarane bidrar til god trivsel på skulen?» til elevane. På dette spørsmålet er elevane på begge skuletypane ganske einige i at lærarane bidrar til god trivsel. Ein kan sjå ein liten tendens til at elevane på bygdeskulane opplev at lærarane bidrar meir til

god trivsel på skulen enn lærarane på byskulane. Dette svaret kan virke litt rart ut i frå at elevane på bygdeskulane opplevde mindre kontakt med lærarane. Ein årsak til dette kan vere lærartettleiken. Ein annan årsak kan vere at elevane på bygdeskulane opplev i større grad enn elevane på byskulane at lærarane behandlar elevane bra. På spørsmålet om lærarane behandlar elevane därleg svarar 23% av elevane på byskulane at dei føler på dette, mot 7% på bygdeskulane. At elevane sitt med ei slik oppleving går ut over relasjonen og tilhøyregheita som omhandlar at elevane ikkje føler seg respektert av læraren (Årdal et.al, 2015, s. 12). Om elevane opplev lite respekt og forståing frå lærarane vil dette gå ut over elevanes oppleving av det psykososiale miljøet som igjen påverkar trivselen.

Etter at elevane tok stilling til om lærarane behandlar elevane därleg skulle dei svare på om dei opplev at lærarane reagera når dei ser elevar som vert behandla därleg på skulen. For hjemlet i Opplæringslova §9A-4 (1998) skal alt personell på skulen følgje med og følgje opp om dei ser elevar som vert utsett for krenkingar som til dømes mobbing. Vidare i Opplæringslova §9A-3 (1998) skal ein ha nulltoleranse for krenkingar. På dette spørsmålet er det elevane på bygdeskulane som føler at lærarane reagerer mest (77% mot 70% på byskulane). Ein årsak til at elevane på byskulane føler at lærarane reagera mindre enn det elevane på bygdeskulane føler, kan vere at elevane kanskje ikkje ser det like godt på grunn av størrelse på skule og elevmasse. Ved konfliktar mellom elevar vil ein god lærar- elev relasjon kunne betre relasjonen mellom medelevar (Grimsæth og Hellås, 2013, s. 154). Dette ved at læraren behandlar elevane bra og respekterer dei, vil også medelevar respektere kvarandre. Dette går igjen ut på å vere ein god rollemodell for å fremme trivsel. I motsetning til lærarar som krenka og behandlar elevar därleg kunne føre til at andre elevar ser på det som greitt å krenke vedkommande, og på denne måten vil trivselen til vedkommande og i miljøet verte svekka. Det må seiast at dette spørsmålet er svart på av elevanes eigne opplevingar om lærarane reagera eller ikkje. Det kan vere fakta og arbeid med saker som elevane ikkje kjenner til. Studiet ser på elevanes intuitive oppleving, kva elevane får med seg og føler at lærarane gjer. For det er elevanes generelle oppleving av skulekvardagen som gir grunnlag for deira svar på om dei opplev trivsel på skulen eller ikkje.

7.0 AVSLUTTING

Trivsel er eit sentralt element i skulen som det er viktig å arbeide for. Som belyst i teorien er skulen ein arena der elevane tilbringar mykje tid. Lærarane er også ein av dei viktigaste personane til å skape trivsel på skulen, både i relasjonen mellom lærar-elev og elev-elev. Trivsel er eit viktig og interessant tema innan pedagogisk verksamheit, samtidig som det er ein rett elevane har hjemlet i det norske lovverket.

Studien har tatt for seg trivselen på eit lite utval barneskular på Vestlandet, for å sjå om trivselen variera frå bygdeskular og byskular. Det studien viser er at elevanes oppleving av trivselen ikkje variera mellom by- og bygdeskulane. Det ein ser er at tema som går under trivsel, derav venner, einsamheit og lærarrelasjon viser til små forskjellar mellom skulane. Dette kan tyde på at elevane opplev trivselen på skulane som god på eit generelt grunnlag.

For å vise til studiets forskingsspørsmål «*Er det forskjell i trivsel på byskular og bygdeskular hjå elevar i barneskulen?*» så kan dette studiet altså ikkje vise til at det er forskjell i trivsel på by- og bygdeskulane. Elevane opplev å trivst godt uavhengig av det geografiske området skulane ligg på. Samtidig viser studien at dei to hypotesane som vart lagt til grunn før studiestart, ikkje vart bekrefta. Funna viste at elevane på bygdeskulane opplevde å ha fleire venner enn elevane på byskulane og at relasjonen og kontakten med lærarane er betre på byskulane. Generelt opplev både elevane på by- og bygdeskulane god trivsel, dei opplev å ha venner, dei er lite einsame og det er lite mobbing. Dette kan tyde på at det psykososiale miljøet og relasjonen mellom medelevar og lærarar er god, noko som er positivt for elevars oppleving av trivsel.

Dette studiet har med eit lite utval skular i forhold til skular på landsbasis, noko som gjer at funna ikkje kan generaliserast. Det hadde vore interessant for vidare forsking å sjå på om funna i denne studien hadde samsvar med funn i ein studie av ein meir omfattande karakter. Dersom resultatet av ein meir omfattande studie viser seg å ha signifikante forskjellar er det også av interesse å sjå på kvifor det er forskjellar og kva konsekvensar som kan kome av forskjell i trivsel på by- og bygdeskular.

Heilt til slutt vil eg runde av dette studiet med eit sitat som representerer viktigheita av å arbeide for god trivsel på skulen, henta frå MOT (u.å):

«Å trives på skolen er en forutsetning for å lære.

Men kanskje viktigere:

Det er en forutsetning for å mestre livet.»

8.0 REFERANSELISTE

Bakken, A. (2018). *Ungdata 2018. Nasjonale resultater* (NOVA Rapport 8/18). Henta frå:

<http://www.hioa.no/Om-OsloMet/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjonar/Rapporter/2018/Ungdata-2018.-Nasjonale-resultater>

By. (u.å). I *Det norske akademis ordbok*. Henta 13.februar 2019. Henta frå:

<https://www.ordnett.no/search?language=no&phrase=by>

Bygd. (u.å). I *Det norske akademis ordbok*. Henta 13.februar 2019. Henta frå:

<https://www.ordnett.no/search?language=no&phrase=bygd>

Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo:

Abstrakt forlag.

Danielsen, A. G. (2017). *Eleven og skolens læringsmiljø- medvirkning og trivsel*. Oslo:

Gyldendal.

Danielsen, A. G & Tjomsland, H. E. (2017). Mestringsforventning, trivsel og frafall. I R. J.

Krumsvik & R. Såljø (Red.), *Praktisk- pedagogisk utdanning. En antologi* (s. 441-466). Bergen: Fagbokforlaget.

Eriksen, M. I. & Lyng, T. S. (2015). *Skolers arbeid med elevenes psykososiale miljø. Gode*

strategier, harde nøtter og blinde flekker (Rapport nr. 14/15). Henta frå:

<http://www.hioa.no/Om-OsloMet/Senter-for-velferds-og-arbeidslivsforskning/NOVA/Publikasjonar/Rapporter/2015/Skolers-arbeid-med-elevenes-psykososiale-miljoe>

FN. (1989). *FNs konvensjon om barnets rettigheter av 20. november 1989*. Oslo: FN-

sambandet. Henta frå: <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen>

Gran, T. (2012). *Vitenskap i praksis. Metoder i forsking på harde og sosiale fakta*. Oslo:

Abstrakt forlag.

Grimsæth, G. & Hallås, O. (2013). *Undervisningspraksis. Profesjonalitet i skolen*. Oslo:

Gyldendal.

Imsen, G. (2001). *Elevens verden. Innføring i pedagogisk psykologi*. Oslo:

Universitetsforlaget.

Kirkebøen, L.J, Kotsadam, A., Raaum, O., Andresen, S. & Rogstad, J. (2017). *Effekter av*

satsing på økt lærertetthet (Rapport 2017/39). Henta frå:
https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/_attachment/332335?ts=16044ba4410

Kunnskapsdepartementet. (2011). *Motivasjon- Mestring- Mulighet. Ungdomstrinnet* (Meld. St. 22 (2012-2011)). Henta frå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld-st-22-2010--2011/id641251/>

Lauritzen, C., Adolfson, F., Rasmussen, L. M. & Strandbu, A. (2015). Fra 15 til 22 elever i klassen: Hvordan påvirker større klasse elevenes læringsmiljø og trivsel. *Scandinavia Psychologist*, 2, e16, 1-15. <https://doi.org/10.15714/scandpsychol.2.e16>

Manger, T. (2017). Motivasjon for skulearbeidet. I R. J. Krumsvik & R. Såljø (Red.), Praktisk- pedagogisk utdanning. En antologi (s. 145-170). Bergen: Fagbokforlaget. MOT. (u.å). Skolemiljø: Trivsel på MOT-skoler. Henta 26. april 2019 frå
<https://www.mot.no/skolemiljo-trivsel-pa-mot-skoler/>

Nordahl, T., Flygare, E. & Drugli, M. B. (2016). *Relasjon mellom elever*. Henta frå:
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/psykososialt-miljo/Relasjoner-mellom-elever/>

Norlandsforsking. (u.å). Karl Jan Solstad. Henta 8. mai 2019 frå:
<http://www.nordlandsforskning.no/enkeltvisning/category288.html?entityuid=1533>
NOU 2015:2. (2015). *Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø*. Henta frå:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/35689108b67e43e59f28805e963c3fac/no/pdfs/nou201520150002000dddpdfs.pdf>

Opplæringslova. (1998). Lov om grunnskolen og den vidaregående opplæringa (LOV-1998-07-17-61). Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61>

Solstad, K. J. (2009). *Bygdeskolen i velstands-Norge*. Oslo: Oplandske Bokforlag.
Trivsel. (u.å). I *Det norske akademis ordbok*. Henta 13.februar 2019 frå:

<https://www.ordnett.no/search?language=no&phrase=trivsel>

Tufte, A. P. (2011). Kvantitativ metode. I K. Fangen & A. M. Sellerberg (red.), *Mange ulike metoder* (s. 71- 99). Oslo: Gyldendal.

Utdanningsdirektoratet. (2013, 29. september). Temaene i Elevundersøkelsen. Henta frå:
<https://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/Om-temaene-i-Elevundersokelsen/Trivsel/>

Utdanningsdirektoratet. (2018, 5.juni). Elevundersøkelsen. Henta frå:
<https://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/elevundersokelsen/>

Årdal, E., Larsen, T., Holsen, I. & Samdal, O. (2015). *Trivsel i skolen* (IS-2345). Henta frå:

<https://docplayer.me/4972461-Trivsel-i-skolen-is-2345.html>

8.1 BILDREFERANSELISTE

Imsen, G. (2001). *Elevens verden. Innføring i pedagogisk psykologi*. Oslo:
Universitetsforlaget.

9.0 VEDLEGG

9.1 VEDLEGG 1: INFORMASJONSSKRIV

Informasjonsskriv om bacheloroppgåva: «Trivsel på skulen»

Dette er eit informasjonsskriv til deg/ dykk som vil delta som informant/-ar til mi bacheloroppgåve. Denne bacheloroppgåva skal sette eit fokus på temaet trivsel og sjå på om det er forskjell på trivsel på by- og bygdeskular. I dette skrivet vil det bli informert om temaet og kva deltakinga inneber for deg/ dykk.

Bakgrunn og formål

Forskinsprosjektet er ei hovudoppgåve i faget Pedagogikk og elevkunnskap 4. Det er ein del av studiet på Grunnskulelærarutdanninga 1.-7. årssteg ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Bergen. Forskinsprosjektet er mi avsluttande oppgåve. Temaet i forskingsprosjektet er trivsel og den førebelse problemstillinga eg arbeidar ut i frå er:

«Er det forskjell i elevane s trivsel på ein byskule og ein bygdeskule?»

Temaet føler eg er eit dagsaktuelt tema nettopp fordi det er mange bygdeskular som vert lagt ned og slått saman til store skular. Dette avheng sjølvagt også mykje på økonomi og faglege resultat, men trivsel er ein viktig del av barns skulekvardag og noko dei har rett på. Gleda meg mykje til å sjå litt på desse perspektiva og håpa på hjelp i frå dykk som skule til å samle inn informasjon om temaet.

Kven er fagleg ansvarleg for oppgåva

Oppgåva vert skreve av *studentens namn*.

Mobil:

E-post:

Rettleiaren for prosjektet er Ina Kristin Johnsen Olsen frå HVL, avdeling Bergen.

E-post: ikjo@hvl.no

Om det skulle vere spørsmål er det berre å ta kontakt på oppgitt kontaktinformasjon.

Kva inneber deltakinga i studien?

Deltakinga i studien inneber at 5. og 7. klasse på skulen får tid i skuletida til å svare på eit spørjeskjema. Dette vil ta ca. 20 minutt. Eg sender spørjeskjemaet til deg som rektor på e-post når/ om dykk har sagt ja til å delta i prosjektet. Dette skriv du ut, et eksemplar til kvar elev som ynskjer å delta, som en lærar deler ut til klassen. Når elevane har svart på undersøkinga gir dykk beskjed til meg om dette. Då vil eg kome til skulen å hente spørjeskjemaet med svara på etter avtale.

Ditt personvern- Korleis vert informasjonen frå og om deg behandla?

Etter samtale med NSD har det ikkje vert nødvendig å søke til dei om å få gjennomføre oppgåva. Dette da undersøkinga er anonymisert. Eg skal ikkje samle inn andre

personopplysningar enn kjønn, klasse og type skule (bygd- eller byskule). Det vil derfor ikkje vere mogleg å spore opp dei elevane eller skulane som har deltatt i undersøkinga i etterkant.

Frivillig deltaking

Det er frivillig om skulen, klassane eller enkeltelevar vil delta på undersøkinga eller ikkje. Dykk står også heilt fritt til å trekke dykk frå undersøkinga etter att dykk har svart.

Tusen takk for at du/ dykk vil delta i forskingsprosjektet.

Mvh.

Studentens namn

9.2 VEDLEGG 2: SPØRJESKJEMA

Kartleggingsskjema

Elevundersøkelse

Bakgrunnsopplysninger

Kryss av for om du er gutt eller jente:

Gutt	<input type="checkbox"/>
Jente	<input type="checkbox"/>

Kryss av for hvilken klasse du går i:

5. klasse	<input type="checkbox"/>
7. klasse	<input type="checkbox"/>

Kryss av for hvilken skole du går på:

Byskole	<input type="checkbox"/>
Bygdeskole	<input type="checkbox"/>

Du skal nedenfor svare på noen påstander om trivsel på skolen. Les spørsmålene godt før du svarer. Når du har svart på spørsmålene er det fint om du ser over at du har svart på alt. Slik at ikke noen spørsmål står uten svar.

Trivsel på skolen

Spørsmål nr.	JA	Noen ganger	NEI
Trivs du på skolen?			
Har du venner på skolen?			
Har du venner i klassen din?			
Liker du å gå på skolen?			
Liker du deg i friminuttene?			

Føler du deg ensom på skolen?			
-------------------------------	--	--	--

Trivsel i relasjon mellom elev- elev

Spørsmål nr.	Aldri	Sjeldent	Ganske ofte	Ofte
Blir du mobbet på skolen?				
Er det elever i klassen din som ikke liker hverandre?				
Synes du at elevene i klassen er snille med hverandre?				
Ser du at noen elever på skolen går mye alene?				
Tror du elevene i klassen hadde stilt opp om de så en annen elev bli mobbet?				
Tror du klassekameratene dine bryr seg om hvordan du har det?				
Går du bort til elever som du ser går alene for å høre om de vil leke med deg og vennene dine?				

Trivsel i relasjon lærer-elev



Spørsmål nr.	Ja	Noen ganger	Nei
Føler du at du har god kontakt med lærerne dine?			
Er du fornøyd med hvordan lærerne dine oppfører seg mot deg?			
Opplever du at lærerne på skolen behandler elevene dårlig?			
Får du ros og skryt av lærerne dine?			

Føler du at lærerne gjør det de kan for å hjelpe deg?			
Føler du at lærerne behandler gutter og jenter likt?			
Føler du at lærerne støtter deg i det faglige arbeidet på skolen?			
Føler du lærerne bidrar til god trivsel i klassen din?			
Føler du lærerne bidrar til god trivsel på skolen?			
Føler du at lærerne på skolen reagerer når de ser elever bli behandlet dårlig?			
Føler du at du kan snakke med lærerne om det er noe/ noen som plager deg?			

Takk for at du deltok på denne kartleggingsundersøkelsen om trivsel i skolen.


9.3 VEDLEGG 3: OVERSIKT OVER ALLE RESULTATA I STUDIEN

I dette vedlegget ligg resultata til alle spørsmåla som elevane svarte på i undersøkinga. Figurnummera i dette vedlegget og figurane som er med i resultatdelen i studiet vil ikkje vere like. I dette vedlegget vil resultata bli presentert i saman rekkefølgje som spørsmåla er stilt i. I resultatdelen er datamaterialet plukka ut, strukturert og nummerert for å svare på problemstillinga (ikkje plass til alle svara).




Diagrammet over viser ein oversikt over antall elevar som deltok i studien. Ei oversikt over antall informantar totalt og ei fordeling av jenter og gutter. Diagrammet er antallsbasert og ikkje vist i prosent slik som resten av


Trivsel på skulen




Trivsel på skulen basert på klasser




Trivsel på skulen basert på kjønn






Venner










Oppleving av skuletrivselen






Elev- elev relasjon








Trur du klassekameratane dine bryr seg om korleis du har det?




Går du bort til elevar som du ser går åleine for å høyre om dei vil leike med deg og vennane din?




Lærar- elev relasjon




Opplever du at lærarne på skulen behandler elevane dårlig?




Får du ros og skryt av lærarane dine?




Føler du at lærarane gjer det dei kan for å hjelpe deg?




Føler du at lærarane behandler guttane og jentene likt?




Føler du at lærarane støttar deg i det faglege arbeidet?




Føler du at lærarane bidrar til god trivsel i klassen din?



Føler du at lærarane bidrar til god trivsel på skulen?



Føler du at lærarane på skulen reagerer når dei ser elevar som blir behandla dårlieig?



Føler du at du kan snakke med lærarane dine om det er noko/ nokon som plagar deg?

